



## Nordhordland Veteranbåtlag

POSTBOKS 26 • 5991 OSTEREIDET • www.oster.no • KONTO 3640 07 25211 • ORGNR. NO 983 395 430 MVA

Hordaland fylkeskommune  
15 NOV 2017

Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Ostereidet, 11. november 2017

### **D/S OSTER – Rapport om bruken av midlar løyvde av HFK som Tilskot til fartøyvern 2016**


Nordhordland Veteranbåtlag (NHVL) takkar Hordaland Fylkeskommune for regelmessig og viktig støtte for å halde D/S OSTER i sertifisert stand som operasjonell kulturbærer. Vedlagt sender Nordhordland Veteranbåtlag (NHVL) rapport om bruken av løyvde midlar frå Hordaland Fylkeskommune i 2016.

Me håpar at rapportert dokumentasjon gjev HFK eit fyllestgjerande inntrykk av det prosjektarbeidet som er utført, og at utbetaling av det løyvde beløpet for 2016 på kr. 120.000 kan skje til NHVL sin konto nr. 3624.07.25211.

Når det gjeld status for bruken av løyvde midlar for 2017, hhv kr 50.000 til «Sikring og istandsetjing» og kr. 120.000 til «Forvaltning og drift» så har dette som planlagt og etter ønskje frå HFK blitt brukt til å dekke/støtte NHVL sine utgifter til kompetanseheving ved «Sikkerheits-, passasjer- og krisehandtering» kurs, samt påbygging av ror. Utskifting av plank på promenadedekk vil ta til i løpet av vinteropplaget så snart dekket har tørka opp . Sluttrapport vil bli innsendt innan 15. november 2018.

Vennleg ta kontakt om noko skulle vere uklart, eller om de treng ytterlegare informasjon/ dokumentasjon.

For Nordhordland Veteranbåtlag



Kjell Nedreaas

Styremedlem og Koordinator for finansiering og økonomi

*Vedlegg:* Rapport om bruken av løyvde midlar frå Hordaland Fylkeskommune i 2016.